

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde  
Avdeling: Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 12/3939-11

---

## Skredsikring på fv. 337 Veitastrondsvegen ved Bjørnabakken og Lindeskreda

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Prosjektet med skredsikring av Bjørnabakken og Lindeskreda på fv. 337 vert starta opp.
2. I anbudet skal det takast atterhald om at Stortinget vedtek ei løyvinga på kap. 1320 post 62 Tilskudd til skredsikring av fylkesvegnettet i 2014 på om lag same nivå som framlagt i Prop. 1 S (2013-2014).
3. Prosjektet har eit kostnadsoverslag på 237 mill. 2013-kr.
4. Dei økonomiske konsekvensane vert å innarbeide i budsjett 2014/ økonomiplan 2014-2017.

### Vedlegg:

Notat frå Statens vegvesen om Tilskuddsprogram for skredsikring på fylkesvegnettet 2014-2017 datert 27.9.2013.

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Handlingsprogram for rassikring på fylkesvegnettet 2010-2013  
FT-sak 27/12 Rassikring av fv. 337 Veitastrondsvegen ved Bjørnabakken

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. SAMANDRAG

I behandlinga av HS-sak 37/12 Budsjett 2014 / Økonomiplan 2014-2017 i møte 24.september, gjorde hovudutvalet for samferdsle følgjande vedtak i pkt. 3:

*«Hovudutval for samferdsle legg førebels til grunn ei prioritering av skredsikringsprosjekt i tråd med det som er lagt fram i høyringsutkast til regional transportplan. Vidare arbeid med prioritering av skredsikringsprosjekt skjer gjennom prosessen med regional transportplan. Hovudutval for samferdsle ber om at rassikringsprosjekta Bjørnabakken og Lindeskreda vert utlyst med sikte på oppstart våren 2014.»*

Statens vegvesen meiner at vedtak om å starte prosjektet allereie no vil vere ein fordel for prosjektet gjennom å legge til rette for best mogleg konkurranse i marknaden. Det vil då kunne gjennomførast synfaring på barmark og entreprenørmarknaden vert førebudd på at prosjektet kjem til utlysing.

Prosjektet er prioritert på topp i gjeldande prioritering på skredsikringstiltak i fylket. Kostnadsoverslaget på prosjektet er rekna til 237 mill. 2013-kr med ei uvisse på 10 %.

Den statlege løyvinga til skredsikring for 2014 vert vedtatt i Stortinget i desember. Dersom prosjektet vert starta opp no, vil vi binde opp ressursar frå 2014 utan at vi veit om vi har dekning frå den statlege løyvinga.

For å sikre optimal framdrift i prosjektet er det behov for ei statleg løyving på skredsikring på om lag 50 mill. kr i 2014.

Fylkesrådmannen har i saka vurdert følgjande alternativ:

1. Gjere vedtak om å starte opp prosjektet no
2. Gjere vedtak om å starte opp prosjektet no med atterhald om finansiering med statleg løyving
3. Utsetje vedtaket til vi kjenner den statlege løyvinga til rassikring (desember)

Ut frå det vi kjenner til pr. i dag, vurderer fylkesrådmannen at risikoen er liten for at vi ikkje skal få statlege løyvingar i perioden til å dekkje kostnaden med prosjektet. Sjølv om utsiktene til statleg fullfinansiering synes gode meiner fylkesrådmannen at det er nødvendig at det nye Stortinget - gjennom behandlinga av statsbudsjettet - syner vilje til å følgje opp føringane på skredsikring av fylkesvegnettet lagt i nasjonal transportplan. Prosjektet er eit stort prosjekt for fylket og det vil vere nødvendig at den statlege finansieringa er vedteken for 2014 før vi kan skrive kontrakt.

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektet med skredsikring av Bjørnabakken og Lindeskreda på fv. 337 vert starta opp no. Det Må samtidig takast atterhald om at Stortinget vedtek ei løyving på kap. 1320 post 62 Tilskudd til skredsikring av fylkes vegnettet i 2014 på om lag same nivå som framlagt i Prop. 1 S (2013-2014).

Dei økonomiske konsekvensane av dette vert innarbeidd i Budsjett 2014 / Økonomiplan 2014-2017

## **2. BAKGRUNN**

### **2.1 Bakgrunn for at saka er reist**

I behandlinga av HS-sak 37/12 Budsjett 2014 / Økonomiplan 2014-2017 gjorde hovudutvalet for samferdsle følgjande vedtak i pkt. 3:

*«Hovudutval for samferdsle legg førebels til grunn ei prioritering av skredsikringsprosjekt i tråd med det som er lagt fram i høyringsutkast til regional transportplan. Vidare arbeid med prioritering av skredsikringsprosjekt skjer gjennom prosessen med regional transportplan. Hovudutval for samferdsle ber om at rassikringsprosjekta Bjørnabakken og Lindeskreda vert utlyst med sikte på oppstart våren 2014.»*

Statens vegvesen meiner at vedtak om å starte prosjektet allereie no vil vere ein fordel for prosjektet gjennom å legge til rette for best mogleg konkurranse i marknaden. Det vil då kunne gjennomførast synfaring på barmark og det blir høve til å førebu entreprenørmarknaden på at prosjektet kjem til utlysing.

Vedtaket om å starte prosjektet vil binde opp fylkeskommunen økonomisk frå 2014. Det er derfor nødvendig at eit eventuelt vedtak om dette vert gjort av fylkestinget.

### **2.2 Historikk - tidlegare vedtak**

Rassikring av fv. 337 Veitastrondsvegen ved Bjørnabakken er prioritert i Handlingsprogram for rassikring på fylkesvegar 2010-2013.

Val av løysing for tiltak på strekinga vart behandla i fylkestinget 5.06.2012, jf. sak 27/12. Fylkestinget gjorde dp følgjande vedtak.

- 1 Bjørnabakketunnelen skal byggast som lang tunnel etter utarbeidd reguleringsplan.
- 2 Ein kan godta redusert krav til standard etter nærare vurdering og vedtak i dei rette instansar.
- 3 Det vert føresett så rask realisering som er mogleg.

4 Fylkeskommunen følger vedteken prioriteringsliste for rassikringsprosjekt og vil realisere rassikring av Bjørnabakken og Lindeskreda i samanheng.

5 Restfinansiering av tunnelen vert å komme attende til i budsjett 2013/økonomiplan 2013-2016 og budsjett 2014/økonomiplan 2014-2017.

6 Fylkesutvalet skal snarast klargjere kva moglegheiter som ligg i ei eventuell forskotering frå Luster kommune.

### **2.3 Problemanalyse**

Løyving til skredsikring kjem gjennom ei øymerka tilskottsordning i statsbudsjettet på kap. 1320 post 62 Tilskudd til skredsikring på fylkesvegnettet. Det er frå fylkeskommunen si side lagt opp til at arbeidet med skredsikring skal tilpassast nivået på dei statlege løyvingane og at det ikkje skal nyttast egne fylkeskommunale midlar i tillegg.

Den statlege løyvinga til skredsikring for 2014 vert vedtatt i Stortinget medio desember. Dersom prosjektet skal lysast ut i løpet av hausten, vil vi binde opp ressursar frå 2014 utan at vi veit om vi har dekning frå den statlege løyvinga.

Fylkesrådmannen ser følgjande alternativ:

4. Gjere vedtak om å starte opp prosjektet no.
5. Gjere vedtak om å starte opp prosjektet no med atterhald om finansiering med statleg løyving.
6. Utsetje vedtak til vi kjenner den statlege løyvinga til rassikring (desember).

#### Prosjektet med skredsikring på fv. 337 - Bjørnabakken og Lindeskreda

Skredsikring av Bjørnabakken ved Veitastrondsvegen omfattar bygging av 330 meter veg og 1570 meter tunnel, samt fylling i Veitastrondsvatnet ved Lindeskreda. Sikring av Lindeskreda omfattar utlegging av lausmassar og tunnelmassar i ein fangvoll for å sikre vegen mot tørrsnøskred, og flytting av eksisterande veg ut på fyllmassar frå Bjørnabakken i 550 meters lengde.

Kostnadsoverslaget er rekna til 237 mill. 2013-kr med ei uvisse på 10 %.

Dersom prosjektet skulle få startløyving i 2014, vil oppstart vere i juni 2014 med ferdigstilling av Lindeskreda før vinteren 2015 og Bjørnabakken hausten 2016. Optimal løyvingstakt tilseier startløyving på 80 mill. kr i 2014, 100 mill. kr i 2015 og 57 mill. kr i 2016.

Prosjektet har fått statleg løyving i 2013 på 27 mill. kr som ikkje er nytta og som fylkeskommunen føreset vert overført til 2014.

#### Vurdering av statlege løyvingar til skredsikring frå 2014:

Det er i Meld. St. 26 om Nasjonal transportplan 2014-2023 lagt opp til løyvingar til skredsikring av fylkesveg på 641 mill. kr årleg i gjennomsnitt perioden 2014-2017 aukande til 750 mill. kr årleg gjennomsnitt for heile 10-årsperioden.

Fylkeskommunen har fått eit notat frå Statens vegvesen med fylkesfordeling av rammer til skredsikring i perioden 2014-2017 (vedlagt). Rammene til Sogn og Fjordane er på 487 mill. 2014-kr i perioden 2014-2017. Det er førebels ikkje fordelt midlar pr. år. I fylkesfordelinga som er lagt fram i notatet er det teke høgde for restbehov frå førre periode. I Sogn og Fjordane er dette prosjekta fv. 55 Gullringen og fv. 337 Bjørnabakken med samla 295 mill. kr.

Det er i notatet sagt følgjande:

«For å sikre fylkeskommunene størst mulig grad av forutsigbarhet skal tilskuddsprogrammet stadfestes av Samferdselsdepartementet, selv om tildelingen først blir endelig avklart i forbindelse med de årlige budsjettene.»

Det er såleis rimeleg sikkert at det er desse løyvingane som vil bli lagt fram 14. oktober i statsbudsjettet for 2014.

Fylkeskommunen har frist til 20. desember til å utarbeide forslag til fordeling av planleggingsramma.

I Innst. 450 S (2012–2013) frå transport- og kommunikasjonskomiteen har medlemmane frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg folkeparti signalisert følgjande:

### **Skredsikring**

*Komiteens flertall, medlemmene fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti, viser til svar på spørsmål 11 der det vises spesifisering av skredsikringsplan fra 2011. Svaret bekrefter et stort behov for skredsikringsmidler som bare delvis dekkes inn gjennom forslag til ny NTP 2014–2023. Samlet behov på riks- og fylkesveier er nesten 29 mrd. kroner. Flertallet peker også på at hendelser på veinettet i den seneste tiden synes å vise at skredrisikoen både på riks- og fylkesveier synes å være undervurdert. Flertallet viser til at E16 for en tid tilbake var stengt i 12 dager på grunn av ras, og til dødsulykke en tid senere, på fylkesveinettet i Sogn og Fjordane.*

Fylkesrådmannen si vurdering er at det er eit breitt fleirtal på Stortinget for å oppretthalde eller auke rammene til skredsikring av fylkesvegnettet i høve til det som er presentert i Nasjonal transportplan 2014-2023.

Stortinget vedtek statsbudsjettet for 2014 medio desember. Fylkesfordeling av løyvinga til skredsikring vil vere klar ein gang på nyåret.

### Bindingar til rassikring i 2014-2017

Fylkeskommunen har bindingar på 121 mill. kr i 2016 og 2017 (lik fordeling) knytt til refusjon til Luster kommune for forskotteringa på fv. 55 Gullringen.

Vi har vidare bindingar i høve til slutføring av fv. 152 Algøya i 2014. Dette prosjektet er foresett finansiert med overførte midlar frå 2013.

Den førebelse fylkesfordelte ramma frå Statens vegvesen er på 487 mill. kr (2014-17). Vi har samtidig bindingar på fv. 55 Gullringen på 121 mill. kr. Legg vi dette til grunn er det 366 mill. kr tilgjengelig til rassikring i 4-års perioden.

## **3. VURDERING OG KONSEKVENSA**

Prosjektet har høgast prioritet i følgje gjeldande prioriteringsliste på skredsikring. Det er også prioritert på topp i høve til å starte opp i høyringsutkast til regional transportplan, jf. FU-sak 61/13.

Ei eventuell utlysing av prosjektet no vil forskottere behandlinga av skredsikringsprioriteringa i regional transportplan i desember. Det er likevel berre 1. plass på prioriteringslista som vil bli fastsett i denne saka.

For å starte opp prosjektet i 2014 trengst det om lag 50 mill. kr i tilskott frå staten, jf. at det er overført 27 mill. kr frå 2013 og at prosjektet treng ca. 80 mill. kr for å ha ei optimal framdrift.

Fylkesrådmannen legg til grunn at ordninga med tilskott til rassikring av fylkesvegnettet blir vidareført og at vi vil få årlege løyvingar framover. Stortinget løyver uansett for eitt år av gangen og vi vil aldri ha garanti for kva som vil skje i framtidige budsjettår.

### **3.1 Moglege alternativ for prosjektet**

Fylkesrådmannen ser følgjande alternativ som er nærare omtalt og vurdert under:

1. Gjere vedtak om å starte opp prosjektet no.
2. Gjere vedtak om å starte opp prosjektet no med atterhald om finansiering med statleg løyving i 2014.
3. Utsetje vedtak til vi kjenner den statlege løyvinga til rassikring (desember).

#### Alternativ 1: Gjere vedtak om å starte opp prosjektet no

Fordelane med å gjere vedtak om å starte opp prosjektet no er følgjande:

- Vi kan gjennomføre anbodssynfaring før det blir snø og ev. rasfare
- Vera klar til å starte byggjearbeid til våren så snart forholda ute gjer det mogleg (medio mai/juni)
- Betre tid og kapasitet for entreprenørane til å vurdere anbudet og gjennom dette mogleg betre konkurranse

Dette alternativet vil binde opp fylkeskommunen med om lag 50 mill. kr i 2014. Dersom vi ikkje skulle få dette løyvd av staten må fylkeskommunen forskottere eit lån tilsvarende det som blir differansen. Vi vil i så fall få ei økonomisk belastning med kapitalkostander inntil vi har fått løyvd midlar. Eit lån på 50 mill. kr vil gje om lag 1,5 mill. kr i årlege renteutgifter.

Fylkesrådmannen meiner det er liten sjanse for at løyvinga til skredsikring i 2014 blir under 50 mill. kr.

#### Alternativ 2: Gjere vedtak om å starte opp prosjektet no med atterhald om finansiering med statleg løyving

Dette alternativet vil i praksis ha dei same fordelane som alternativ 1.

Fylkesrådmannen legg til grunn at det er mogleg å utforme eit anbod med eit atterhald på ein slik måte at det juridisk ikkje fører til erstatningsansvar om prosjektet vert stoppa.

Fylkesrådmannen syner m.a. til at Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) har behandla saker der bruk av atterhald om politisk godkjenning er vurdert å vere i tråd med regelverket (t.d. Kofa-sak 2011/53).

Bruk av atterhald om finansiering kan i teorien gjere prosjektet mindre interessant for entreprenørane. I praksis reknar vi med at entreprenørane vil gjere egne vurderingar av atterhaldet og at dette reelt sett ikkje vil bety noko.

Dette alternativet sikrar at vi ikkje startar prosjektet før vi har informasjon om nivået på det nasjonale statlege tilskottet til skredsikring i 2014.

Vi vil kanskje ikkje kjenne den eksakte fylkesfordelinga før ein gang på nyåret, men legg til grunn at dersom nivået på den nasjonale løyvinga på post 62 blir som føresett så vil dette dekkje finansieringsbehovet på prosjektet i 2014.

Årsaka til at fylkesrådmannen ikkje vil knyte atterhaldet om finansiering til sjølve fylkesfordelinga er vedteken, er at vi er usikre på når denne vil vere klar. Det ville såleis vere ein risiko for at eit ev. slikt atterhald vil kunne hindre god framdrift i prosjektet.

Alternativ 3: Utsetje vedtak til vi kjenner den statlege løyvinga til skredsikring (desember)

Dette vil først og fremst vere problematisk i høve til å gjennomføre synfaring med entreprenørane på barmark.

Alternativet vil også gi mindre tid til å gjennomføre anbudsprosessen. Statens vegvesen meiner likevel det skal vere nok tid til å gjennomføre ein forsvarleg anbudsprosess og starte opp med byggearbeid i mai/juni.

Dette alternativet legg også til rette for at prosjektet kan vurderast i samband med prioriteringa i regional transportplan i desember.

**3.1 Vurdering av økonomiske konsekvensar**

Løyvingar til skredsikring på fylkesvegnettet er eit tilskott frå staten. Fylket står fritt til å prioritere midlane til føremålet. Vi står økonomisk ansvarleg for dei prosjekta som vert starta opp. Oppstart av prosjektet forpliktar fylkeskommunen med heile prosjektkostanden i perioden 2014-2017.

Stortinget løyver midlar berre for eitt år av gangen og vi har ingen garanti for komande budsjettår. Vi må derfor stole på at føringane i nasjonal transportplan vert følgde opp.

Dersom dei statlege løyvingane det enkelte år ikkje er store nok til å dekkje byggekostnadane, må fylkeskommeunen forskottere utgiftene med låneopptak inntil vi får nye statlege tilskott påfølgjande år.

Ut frå det vi kjenner til pr. i dag, vurderer fylkesrådmannen at risikoen er liten for at vi ikkje skal få statlege løyvingar i perioden til å dekkje kostnaden med prosjektet. Sjølv om utsiktene til statleg fullfinansiering synes gode, meiner fylkesrådmannen at det er nødvendig at det nye Stortinget - gjennom behandlinga at statsbudsjettet - syner vilje til å følgje opp føringane på skredsikring av fylkesvegnettet som er lagt i nasjonal transportplan. Prosjektet er eit stort prosjekt for fylket og det vil vere nødvendig at den statlege finansieringa er vedteken for 2014 før det blir signert byggekontrakt.

Ettersom dette prosjektet har den høgaste prioritet i høve til å starte opp, vil fylkesrådmannen tilrå at det kan gis klarsignal til å starte prosjektet allereie no med atterhald om finansiering.

**4. KONKLUSJON/TILRÅDING**

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektet med skredsikring av Bjørnabakken og Lindeskreda på fv. 337 vert starta opp. Det vert teke atterhald om at Stortinget vedtek ei løyving på kap. 1320 post 62 Tilskudd til skredsikring av fylkes vegnettet i 2014 på om lag same nivå som framlagt i Prop. 1 S (2013-2014).

Dei økonomiske konsekvensane av dette vert innarbeidde i Budsjett 2014 / Økonomiplan 2014-2017.